



MØTEBOK

Rullering av kommuneplanen sin arealdel - framlegg til Planprogram på høyring

Utval sak	Utval	Møtedato
38/23	Formannskapet	14.06.2023
43/23	Kommunestyret	21.06.2023

Vedlegg:

1 PLANPROGRAM

Bakgrunn:

I tråd med Plan- og bygningsloven og Fitjar kommune sin Planstrategi 2020-2023 vedteken 30.09.2020, og vedtak om oppstart av rullering av kommuneplanen sin arealdel 28.09.2022, legg kommunedirektøren med dette fram sak om planprogram for kommuneplanen sin arealdel på høyring.

Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen, framdrift og opplegget for medverknad.

Det skal framgå av planprogrammet kva hovudtema som skal greiast ut, avklara behov for kunnskap, og leggja fram opplegg for medverknad og konsekvensutgreiing.

Eit Planprogram er ein plan for gjennomføringa av planarbeidet.

Vår gjeldande arealdel er frå 2012. Kommunen skal ha ein arealdel som skal fastsetja arealbruken i kommunen med juridisk bindande verknad. Arealdelen skal leggjast til grunn for reguleringsplanlegging og handsaming av byggesaker. Kommunal planstrategi skal rullerast kvart 4. år og set føringar for rullering av samfunnsdel og arealdel.

Nasjonale, regionale og kommunale føringar ligg til grunn for planarbeidet.

Kommuneplanen sin arealdel består av plankart og føresegner.

Forankring i plan- og bygningslova:

Lov om planlegging og byggesakshandsaming (plan- og bygningslova) kapittel 11 gjev føringar om krav til utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel.

§ 11-13. Utarbeiding av planprogram

For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i [§ 4-1](#). Forslag til planprogram skal sendes på høyring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet, og gjeres elektronisk tilgjengelig på nett. Fristen for å gi uttalelse skal være minst seks uker.

Planprogrammet fastsettes av kommunestyret. Kommunestyret kan delegera myndigheten i samsvar med kommunelovens regler. Kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. [§ 4-2](#) andre ledd.

Planprosess:



Oversikt over den samla planprosessen for kommuneplan

1. Oppstartfasen

- Utarbeiding av forslag til planprogram – kan eventuelt slåast saman med planstrategi.
- Eventuell dialog med statlege og regionale mynde i regionalt planforum.
- Varsel om planoppstart og kunngjering.
- Høyring og offentlig ettersyn av forslag til planprogram.
- Vedtak om fastsetjing av planprogram.

2. Utgreiingar og planløyisingar

- Kunnskapsgrunnlag.
- Utvikle planløyisingar med eventuelle alternativ.
- Samråd og medverknad.

3. Utarbeiding av planforslag

- Plankart.
- Føresegner og retningslinjer.
- Planomtale.
- Konsekvensutgreiing.
- ROS-analyse.

4. Høyring og offentlig ettersyn av planforslag

5. Handsaming av eventuell motsegn

6. Slutthandsaming

- Endring av planforslaget på grunnlag av merknader og motsegn.
- Eventuelt nytt offentlig ettersyn.
- Vedtak av planen med kunngjering.

Korleis ulike kommunar legg opp prosessen i arbeidstrinna, vil kunne variere, og kan tilpassast situasjonen. Omfang og metode for medverknad skal også tilpassast situasjonen i den enkelte planprosessen.

I Fitjar blir framlegg til planprogram lagt fram til politisk handsaming i formannskapet 14.06.2023 og til kommunestyret 21.06.2023, med mål om vedtak om å senda framlegg til planprogram på høyring. Høyringsfrist for planprogrammet er minimum 6 veker.

Framlegg til planprogram vil bli framlagt til regionalt planforum i møte 13.06.2023. Det vil kunne bli gjort justeringar av planprogrammet etter møtet i regionalt planforum og etter møtet i formannskapet 14. juni slik at eit revidert framlegg til planprogram vert lagt fram til endeleg handsaming i kommunestyret 21.06.2023.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tilrår kommunestyret å gjera slikt vedtak:

Kommunestyret i Fitjar vedtek å senda planprogram for kommuneplanen sin arealdel på høyring i minimum 6 veker med justeringar gjort etter møtet i regionalt planforum 13.06.2023 og formannskapet 14.06.2023.

Vedtaket er fatta med heimel i Plan- og bygningslova §11-13.

Saksprotokoll i Formannskapet - 14.06.2023

Behandling:

Kommunedirektør Gjermund Hagesæter, avd. leiar plan og utvikling Øystein Sørli og etatssjef samfunnsutvikling og drift Louise Pettersen refererte frå møte i regionalt planforum.

Formannskapet drøfta saka, ba administrasjonen supplera ytterlegare saksopplysingar som kom fram i møtet i planforumet før utsending til kommunestyret.

Kommunedirektøren la føre endra framlegg til tilråding:

Kommunestyret i Fitjar vedtek å senda planprogram for kommuneplanen sin arealdel på høyring i 10 veker.

Vedtaket er fatta med heimel i Plan- og bygningslova §11-13.

Ved røysting vart endra tilråding til kommunestyret samrøystes vedteke.

Vedtaket:

Kommunestyret i Fitjar vedtek å senda planprogram for kommuneplanen sin arealdel på høyring i 10 veker.

Vedtaket er fatta med heimel i Plan- og bygningslova §11-13.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 21.06.2023

Behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtaket:

Kommunestyret i Fitjar vedtek å senda planprogram for kommuneplanen sin arealdel på høyring i 10 veker.

Vedtaket er fatta med heimel i Plan- og bygningslova §11-13.

Gjermund Hagesæter
kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.